


Pedagogiske løysingar i nytt skulebygg


Luster ungdomsskule



Knut Roald

Pedagogiske løysingar i nytt skulebygg

Luster ungdomsskule




Knut Roald

TITTEL Pedagogiske løysingar i nytt skulebygg - Luster ungdomsskule	NOTATNR. 1/2005	DATO 12.01.05
PROSJEKTITTEL Pedagogiske løysingar i nytt skulebygg - Luster ungdomsskule	TILGJENGE Open	TAL SIDER 38
FORFATTAR Knut Roald	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG Knut Roald	
OPPDRAGSGJEVAR Luster kommune	EMNEORD Pedagogikk, didaktikk, skulebygg, skulebygning, organisasjonslæring	
SAMANDRAG / SUMMARY <p>Luster kommune starta i 2003 opp eit pedagogisk utviklingsprosjekt i samband med bygging av ny ungdomsskule i Gaupne. Målet med prosjektet var å utvikle optimale arbeidsformer for elevar og tilsette i den nye bygningen som har ei kostnadsramme på vel 50 mill. kr.</p> <p>Planløysinga i den nye skulebygningen opnar for varierte former for pedagogisk arbeid. Dette kan styrke læringsarbeidet og det sosiale samspelet vesentleg, men også gi uventa utfordringar dersom ein ikkje utviklar gode rammer rundt læringsprosessane.</p> <p>Opplegget for dette prosjektet kan gi idear til tilsvarande pedagogisk utviklingsarbeid i samband med bygging av nye skular i andre kommunar.</p>		
PRIS kr 70,-	ISSN 0806-1696	ANSVARLEG SIGNATUR Svein Heggheim dekanus

Prosjektet

Luster ungdomsskule

**- pedagogiske løysingar i nytt
skulebygg**



Styringsgruppe: Rektor, Oddlaug Leivdal, Einar Ese

Rettleiar i prosjektet: Knut Roald frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Desember 2004

Forord

Rapporten gjer greie for utviklingsprosjektet ”*Pedagogiske løysingar i nytt skulebygg - Luster ungdomsskule*”. Dette utviklingsarbeidet blei gjennomført i perioden september 2003 til oktober 2004. Utgangspunktet for prosjektet var arbeidet med å føre opp ny skulebygning for Luster ungdomsskule, planlagt ferdigstilt til januar 2004. Den nye bygningen har ei planløysing basert på tre fløyer med ein kombinasjon av klasserom og ope arbeidsareal. Skulen er dimensjonert for to parallellar på ungdomssteget med om lag 150 elevar og 20 tilsette. Kostnadsramma for det nye bygget har vore i overkant av 50 mill. kr.


Planløysinga i den nye skulebygningen opnar for varierte former for pedagogisk arbeid. Dette kan styrke læringsarbeidet og det sosiale samspelet vesentleg, men også gi uventa utfordringar dersom ein ikkje utviklar gode rammer rundt læringsprosessane. Prosjektets siktemål har vore å klårgjere arbeids- og samspelsformer ein ønskjer å legge vekt på når elevar og tilsette flyttar over til den nye skulebygningen.

Knut Roald frå Høgskolen i Sogn og Fjordane har vore ekstern rettleiar for prosjektet. Han har i samarbeid med skuleleiinga og ei styringsgruppe stått for planlegging, gjennomføring og etterarbeid av 9 prosjektsamlingar der heile lærarkollegiet har delteke. Skulesjef Reidulf Kjørsvik har også vore med i nokre av prosjektmøta.

Rapporten viser at det har blitt gjennomført eit omfattande analyse-, planleggings- og utviklingsarbeid i prosjektperioden. Litteraturlista viser det faglege grunnlaget ein har hatt som utgangspunkt. Både tilsette og elevar har arbeidd aktivt med gjennomføring av dei konkrete tiltaka som har blitt utvikla. Luster ungdomsskule har ein lang tradisjon for å nå gode fagresultat, noko ein er oppteken av å lukkast med også i framtida.

Kapittel 1 viser ei samla framstilling av heile prosjektet. Dei neste kapitla viser innhaldet og arbeidsgangen i kvart av prosjektmøta. Kapittel 1.4 framhevar dei utfordringar Luster ungdomsskule bør arbeide vidare med for å halde oppe og vidareutvikle eit godt læringsmiljø.

Høgskulen i Sogn og Fjordane, 12.01.05
Knut Roald



Planløsning for ny bygning, Luster ungdomsskule.

Innholdsliste

Kap. 1 EI SAMLA FRAMSTILLING AV PROSJEKTET	1
1.1 Målsetting for prosjektet	1
1.2 Hovudelementa i prosjektet	1
1.3 Prosjektmøta som er gjennomførte	2
Prosjektmøte 17.09.03: - Klårgjering av utgangspunktet (kap. 2)	2
Prosjektmøte 23.10.03: - Vi gjer dei første vala (kap. 3).....	4
Prosjektmøte 18.11.03: - Uteområdet ved den nye skulen (kap. 4)	4
Prosjektmøte 26.11.03: - Kva er god klasseleiing? (kap. 5).....	5
Prosjektperioden januar-mai 2004: - Studiereiser og kurs (kap. 6)	6
Prosjektmøte 23.03.04: - Læringsstrategiar og elevåtferd (kap. 7)	6
Prosjektmøte 10.05.04 og 01.06.04: - God elevframferd som grunnlag for godt læringsmiljø (kap. 8).....	6
Prosjektmøte 14.09.04: - Luster ungdomsskule - ein lærande organisasjon? (kap. 9)	6
1.4 Utfordringar i det vidare arbeidet med utvikling av Luster Ungdomsskule	7
Læringsstrategiar	7
God elevframferd som grunnlag for godt læringsmiljø.....	8
God klasse- og undervisningsleiing	9
Luster ungdomsskule som øvingskule	9
Luster ungdomsskule som ein lærande organisasjon.....	10
Kap. 2 KLÅRGJERING AV UTGANGSPUNKTET	11
2.1 Grunnlaget for å etablere eit prosjekt	12
Systematisering av debatten	12
Ressursbank	12
2.2 Fleire steg i prosjektet	13
2.3 Synfaring i det nye bygget	13
2.4 Problemstillingar som kom fram etter synfaringa	13
2.5 Analyse av no-situasjonen ved Luster ungdomsskule	14

Kap. 3 VI GJER DEI FØRSTE VALA (Prosjektmøte 23.10.03).....	18
3.1 Kvalitetsutvalet sine framlegg.....	18
3.2 Saltvern skole sitt pedagogiske opplegg.....	18
3.3 Problemstillinger vi må arbeide med	19
3.4 Vi gjer dei første vala våre.....	19
3.5 Tema som skal opp på møte 18.11.03	20
3.6 Tema som skal opp på møte 26.11.03	20
Kap. 4 UTEOMRÅDET VED DEN NYE SKULEN (Prosjektmøte 18.11.03).....	21
4.1 Orientering om uteområdet (<i>v/byggeleiar Harald Fimreite</i>).....	21
4.2 Aktivitetsområdet/uteområdet.....	21
4.3 Aktivitetsområda.....	21
4.4 Datarom.....	22
Kap. 5 KVA ER GOD KLASSE-LEIING? (Prosjektmøte 26.11.03).....	23
5.1 Innleiing.....	23
5.2 Kva fagleg påfyll vil vi søke våren 2004?.....	23
5.3 Kva tid kan vi sette av til fagleg påfyll våren 2004?	24
5.4 Kva er god klasse- og undervisningsleiing?	24
5.5 Utarbeiding av spelereglar som skal gjelde for kvart trinn i det nye bygget.....	25
5.6 Felles avgjerder vi må ta no.....	25
5.7 Vidare arbeid med prosjektet ”Luster ungdomsskule - pedagogiske løysingar i nytt skulebygg”	26
Kap. 6 STUDIEREISER OG KURS (januar 2004 - mai 2004).....	27
6.1 Innflyttinga i den nye skulebygningen	27
6.2 Studiereiser til Svelgen skule og Eid ungdomsskule.....	27
6.3 Kurs ved Kurt Danielsen frå Saltvern ungdomsskule	28

Kap. 7 LÆRINGSSTRATEGIAR OG ELEVÅTFERD	
(Prosjektmøte 23.03.04).....	29
7.1 Læringsstrategiar	29
7.2 Elevåtferd	31
Kap. 8 GOD ELEVFRAMFERD SOM GRUNNLAG FOR GODT LÆRINGSMILJØ	
(Prosjektmøte 10.05.04 og 01.06.04)	32
8.1 Felles spelereglar i forhold til aktivitet utandørs	32
8.2 Felles spelereglar i forhold til aktivitet innandørs	32
Kap. 9 LUSTER UNGDOMSSKOLE - EIN LÆRANDE ORGANISASJON?	
(Avsluttande prosjektmøte 14.09.09)	34
9.1 Kva vil det seie å vere ein lærande organisasjon	34
9.2 Kva læringsstrategiar vil dei ulike team prioritere å vidareutvikle?	35
9.3 Korleis vidareutvikle god elevåtferd som grunnlag for godt læringsmiljø?	36
9.4 Luster ungdomsskule som øvingsskule	36
Literaturliste	37

Kap. 1 EI SAMLA FRAMSTILLING AV PROSJEKTET

1.1 Målsetting for prosjektet

Prosjektet blei initiert av Luster kommune v/skulesjef Reidulf Kjørsvik. Rammene for prosjektet blei lagt i eit innleiande møte 19.08.03 der desse var med: Malvin Moen, Tore Sviggum, Inger Marie Evjestad og Mona Vik frå Luster ungdomsskule, skulesjef Reidulf Kjørsvik og Knut Roald frå Høgskolen i Sogn og Fjordane. Ein kom her fram til at ein ønska å etablere eit prosjekt der arbeidet starta opp hausten 2003, eit halvt år før overflyttinga til den nye skulebygningen. Prosjektet skulle så halde fram i 2004 slik at ein kunne følgje opp og justere dei planane som blei utvikla hausten 2003.

Det blei trekt opp slike mål for prosjektet:

- Gjennomføre analysar av dagens arbeidsformer og arbeidsmiljø ved Luster ungdomsskule
- Gjennomføre analysar av rammene for pedagogisk og sosialt arbeid innanfor planløysinga for den nye skulebygningen
- Oppretthalde og vidareutvikle Luster ungdomsskule sin tradisjon for å nå gode fagresultat.
- Sjå vidareutvikling av Luster ungdomsskule i lys av sentrale skulepolitiske utfordringar for perioden 2003 -2006, m.a. i høve til evalueringa av L97, utgreiingane til det nasjonale Kvalitetsutvalet og Utdanings- og forskingsdepartementet (UFD) sitt arbeid med ny læreplan for skoleverket frå 2006.
- Sjå prosjektet i lys av personalpolitiske utfordringar slik at ein i det nye skulebygget også får gode arbeidsvilkår for dei tilsette.

1.2 Hovudelementa i prosjektet

Alt i den første ordinære prosjektsamlinga 17.09.03 krystalliserte dette seg ut som dei fire sentrale elementa i arbeidet:

a. Flytting over til det nye bygget

- Kome fram til kva viktige pedagogiske og praktiske val som må gjerast før overflyttinga
- Lage ein plan for korleis starte opp skulearbeidet dei første vekene i det nye bygget.
- Evaluere innflyttinga/oppstartinga jamleg dei første månadane og foreta justeringar i organisatoriske og metodiske opplegg ut frå dette

b. Gode læringsstrategiar

- Gjennomføre ein analyse av dei læringsstrategiane skolen nyttar pr. september 2003

- Hente inn impulsar til vidareutvikling av læringsstrategiar. Til dette vil ein nytte eksterne forelesarar, studiereiser til andre skular og gjennomgang av aktuell pedagogisk faglitteratur.
- Prøve ut og evaluere nye læringsstrategiar som den nye bygningen legg særleg godt til rette for

c. God elevframferd

- Kartlegge sterke og svake sider ved elevane sin veremåte i faglege og sosiale samanhengar pr. september 2003
- Klårlegge korleis god elevframferd kan bli eit enno klårare trekk ved Luster ungdomsskule når ein flyttar over i den nye bygningen.

d. Luster ungdomsskule som øvingsskule

- Klårgjere korleis Luster ungdomsskule kan ha nytte av å vere øvingsskule for Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Utarbeide ein stegvis plan for utviding av øvingsskuleaktiviteten

1.3 Prosjektmøta som er gjennomførte

Kapittel 2-9 gjer greie for dei prosjektmøta som er gjennomførte. Kwart prosjektmøte har hatt som siktemål å avklare nokre av dei viktige vala som må gjerast ved skulen, legge planar for gjennomføring/utprøving, og sikre ei systematisk evaluering av dei omleggingane ein arbeider med.

Her følgjer eit samandrag av kvart prosjektmøte:

Prosjektmøte 17.09.03: - Klårgjering av utgangspunktet (kap. 2)

I dette første ordinære prosjektmøtet tok ein utgangspunkt i bygningsteikningar og ei synfaring i råbygget til den nye skulen (1/2 år før ferdigstilling). Ut frå dette drøfta kollegiet seg fram til problemstillingar det vil vere viktig å klårgjere i perioden fram mot innflytting (kap. 2.4). Eit gjennomgåande inntrykk var at dei nye areala opnar for mange spanande løysingar. Riktig brukt vil dette kunne styrke læringsarbeidet til elevane vesentleg, feil brukt vil læringsarbeidet bli utflytande og prega av uro. Noko spissformulert formulerte Knut Roald dette slik: *"Universitet eller diskotek?"*

Dette er dei viktige problemstillingane som ein kom fram til:

- Korleis bruke areala optimalt i forhold til både undervisningsøker og pausar?
- Korleis lage klare avtalar i forhold til 'vandring' i det opne bygget?
- Korleis bruke trinnareala optimalt til læring i tillegg til klasseromma?
- Korleis nytte grupperomma optimalt?
- Korleis nytte scena og fellesrommet i vanlege undervisningsøker?
- Korleis organisere innflyttingsfasen? Alle samstundes, eller etappevis?
- Korleis skal vi før innflyttinga etablere klare reglar i kvar klasse om bruken av dei nye areala?

- I kva grad ønskjer vi aldersblanding i timar og friminutt?
- Friminutt samstundes?
- Inne/ute i friminutta?
- Kva fellessamlingar vil vi legge opp til for heile elevflokket?
- Kva klassar bør/ønskjer å nytte arealet med foldevegg?
- Kva klassar bør vere i bygningen sitt midtre areal?
- Skal elevane ha fast areal i 3 år, eller skal vi ha faste areal for kvart årssteg?
- Kva vil vere hovudideane om bruk av IKT i undervisninga?
- Korleis skal vi timeplanlegge dei praktisk-estetiske areala? Periodar eller tradisjonell timeplan?
- Korleis arbeide med musikk?
- Korleis arbeide med språklab?
- Korleis nytte drivhuset?
- Korleis gjennomføre heimkunnskap i forhold til bruk av fellesrommet?
- Korleis nytte spesialpedagogisk rom?
- Kva skal vere gode reglar for bruk av fottøy?
- Teamkontora: Skal vi skifte kontor når vi skiftar team?
- Korleis trekke foreldra og bygda med i positivt samarbeid om det nye bygget?
- Kva type opningsarrangement vil styrke den pedagogiske bruken av bygget første halvåret?
- Skal vi endre arbeidsdagens inndeling etter kvart?
- Skal vi innføre former for differensierte arbeidsplanar der kvar elev må lage sine individuelle planar for 1-2 veker?
- Skal vi innføre system for personleg planlegging og vurdering for kvar elev?
- Skal vi trekke foreldra inn i elevane si planlegging og vurdering kvar veke?
- Skal vi ta i bruk ei form for fastlærarsystem?
- Skal vi reorganisere samarbeidsformene med foreldre og elevar, t.d. trinnråd?
- Skal vi ta i bruk former for 'dagsoppdrag' og 'vekesoppdrag'?
- Korleis skal vi forholde oss til Kvalitetsutvalet sine framlegg om styrking av realfag, språkfag og fysisk aktivitet?¹

I tverrfaglege grupper analyserte også kollegiet sterke og mindre sterke sider ved det daglege arbeidet *før* innflytting i nytt bygg (kap. 2.5). I analysen la ein her vekt på områda:

- Undervisninga
- Arbeidsplan og lekser
- Dag- og vekeorganisering
- Tilrettelegging både for sterke og svake elevar

¹ Nokre av punkta kom til i drøftingane etter 17.09.03

Analysane viser klårt styrkar ein ønskjer å halde fast ved i det nye bygget. Like klårt kjem det fram utfordringar som ein ønskjer å kome lenger med i forhold til det nye skulebygget.

Prosjektmøte 23.10.03: - Vi gjer dei første vala (kap. 3)

I dette prosjektmøtet tok ein utgangspunkt i dei framlegga til endringar i norsk skole som er fremja av Kvalitetsutvalet. I tillegg gjekk ei lærargruppe gjennom læringsstrategiar dei hadde blitt orienterte om på eit kurs om Saltvern skole (demonstrasjonsskole) sitt pedagogiske opplegg.

På bakgrunn av dei innleiande orienteringane og problemstillingane som var kartlagde på det første prosjektmøtet, arbeidde kollegiet seg fram til nokre av dei vala som var viktige å ta alt hausten 2003:

- Vi satsar på at elevane skal flytte inn i det nye bygget første veka etter nyttår. (her må vi likevel avvente endelege beskjedar frå byggeleiar). Vi flyttar inn berre eitt trinn pr. dag, 10. klasse først. Gjerne ein dag opphald mellom kvart trinn som flyttar inn.
- Lærarane skal ha flytt inn i dei nye kontora 14 dagar før elevane flyttar over i det nye bygget.
- Lærarane har kontor i forhold til kva team dei arbeider i. Når ein lærar flyttar over til nytt team, flyttar læraren også over til nytt kontorareal. Etter loddtrekning har
- 8.-teamet kontor nærast personalrommet, 9.-teamet i midten og 10.-teamet nærast rektor sitt kontor.
- 10. klasse er i det midtre arealet, 9.klasse er i arealet nærast kontorfløyen og 8.klasse nærast gymsalen. Årsstega har faste areal, dei skiftar areal når dei går eit steg opp (m.a. på grunn av utstyr).
- Kva møblar som skal vere i trinna sine prosjektareal blei fastsett. Prosjektgruppa får fullmakt til å avgjere typar møblar i sofagrupper. Det blei lagt vekt på at det må lagast greie ordningar for kopling av datamaskiner, ikkje leidningar som er lause på golv, langs veggjar og liknande.
- Reglar for kvart trinn - Kvart trinn startar no arbeidet med reglar som skal gjelde når trinnet flyttar inn i det nye bygget
- Fottøy - må takast av i yttergangen for kvart trinnareal
- Timeplan og friminutt - Førebels felles, endringar vil bli drøfta etter kvart.
- Musikkundervisning - Den gamle skulebygningen vil bli kulturskule. Der vil også mykje av musikkundervisninga gå føre seg. I tillegg vil fellesarealet i nybygget bli nytta til morgonsamlingar, større framsyningar o.l.

Prosjektmøte 18.11.03: - Uteområdet ved den nye skulen (kap. 4)

I dette prosjektmøtet innleia byggeleiar Harald Fimreite om korleis uteområdet ved den nye skulen var planlagt. Ein drøfta på grunnlag av dette viktige moment knytt til bruken av uteområdet:

- - Ikkje fordela elevane på område, berre setja opp plan dersom det blir naudsynt
- - Må ha reglar som skal følgjast for både inne- og uteområda

- Kva med elevvakter?
- Køyra dobbelttime i starten av dagen for å få til lengre pause seinare for å koma ut og i aktivitet
- La klasseråd og elevråd vera med å bestemma korleis arbeidsøkter / pausar kan fordelast.
- Må ha fast plass for utstyr som ballar, køller og liknande, slik at alle klassestega har det tilgjengeleg og at det ikkje blir med inn i inneareala.
- Må kunna bruka grusområdet ved yrkesskulen inntil anna areal er ferdig

I siste del av dette prosjektmøtet hadde ein også innleiande diskusjonar om opplegget for datarom i den nye skulebygningen.

Prosjektmøte 26.11.03: - Kva er god klasseleiing? (kap. 5)

Dette prosjektmøtet var hovudsakleg retta mot spørsmålet om elevåtferd. Knut Roald la vekt på Terje Ogden si forskning om god klasse- og undervisningsleiing. Ut frå dette blei det lagt opp til ei offensiv satsing på å etablere god elevåtferd i den nye skulebygningen:

- Kwart av teama evaluerer korleis dette går alt etter første arbeidsdag. Aktuelle tiltak blir sett inn umiddelbart.
- Kollegiet må også kome saman og evaluere første dag etter at alle elevane har arbeidd i den nye skulen.
- Både teama og heile kollegiet har korte evalueringar kvar veke den første månaden. Det er svært viktig å unngå at elevane etablerer uønska åtferdsmønster i innkjøringsfasen av det nye bygget !!
- Skulen kjøper inn Ogden sitt temahefte til alle lærarane

Vidare drøfta kollegiet seg fram til felles avgjerder som var viktig å ta stilling til i god tid før innflyttinga i nytt bygg:

- Vandring mellom dei tre undervisningsareala er ikkje tillate i undervisningstida. I 'innefriminutt' prøver vi ut ei ordning der elevane regulerer dette på eige ansvar
- Dobbelttime ved starten av dagen.
- Vi skal ha to friminutt pr. dag der elevane må vere ute. Vi skal samarbeide med fysioterapitenesta om gode uteaktivitetar. Inger M. Evjestad utarbeider ein detaljplan som blir lagt fram for kollegiet til godkjenning før jul.
- Rektor avgjer om det er for dårleg ver til å vere ute i dei to utefriminutta.
- Før jul blir det sendt ut ein informasjon til heimane om innflytting i nytt skulebygg, opningsfest, open skule-dag m.m
- Vi held fast ved den tidlegare skisserte planen der lærarane flyttar over i nytt bygg først. Deretter 10., 9. og 8. klasse på ulike dagar. Det kan bli tidsforskyving dersom ikkje varmpumpe m.m er på plass, men vi held fast ved strukturen i planen vår.
- Det må utarbeidast ein plan for korleis klasseromsbibliotek og bibliotek skal fungere
- Det må utarbeidast ein plan for bruk av språklab.
- Plassering av datamaskiner og ev. datarom må drøftast vidare
- Musikktilmar blir lagt til den gamle skulebygningen. Her kan ein etter kvart få større/nye areal til dei ulike aktivitetane i faget.

Prosjektperioden januar-mai 2004: - Studiereiser og kurs (kap. 6)

I perioden januar-mai 2004 blei det i prosjektet lagt vekt på desse aktivitetane:

- Innflytting i den nye skulebygningen (januar)
- Studiereiser til Svelgen skule og Eid Ungdomsskule
- Kurs med ein av dei tilsette frå demonstrasjonsskulen Saltvern u.sk.

Hovudtrekka i det pedagogiske opplegget ved skulane i Svelgen, Eid og Saltvern blei utgangspunkt for drøftingar og vidare arbeid i kvart av teama ved Luster ungdomsskule.

Prosjektmøte 23.03.04: - Læringsstrategiar og elevåtferd (kap. 7)

I dette prosjektmøtet drøfta vi kva som skulle vere dei primære siktemåla med studiane av skulane i Svelgen, Eid og Saltvern. Vi arbeidde ut frå to hovudfokus.

- *Læringsstrategiar*: Drøfting av undervisingsformer, arbeidsplanar og lekser, organisering av skuledag og -veke
- *Elevåtferd*: Drøfting av elevåtferd både i arbeidsøktene og i friminutta

Det blei lagt vekt på å vurdere sterke og mindre sterke sider ved læringsstrategiar og elevåtferd ved Luster ungdomsskule pr. mars. 2004. Dette skulle så danne utgangspunkt for studiereisene til Svelgen og Eid samt kursdagen saman med Kurt Danielsen frå Saltvern. Dei ulike lærartema drøfta seg fram til dei viktige utfordringane slik det er skissert i kap. 7.1 og 7.2.

Prosjektmøte 10.05.04 og 01.06.04: - God elevframferd som grunnlag for godt læringsmiljø (kap. 8)

I prosjektmøta 10.05.04 og 01.06.04 arbeidde vi med spelereglar som skal leggest til grunn for å styrke læringsmiljøet enno meir. Desse punkta kan umiddelbart synast vel praktiske og detaljerte, men ein er samde om at dette er viktig grunnlag for at det daglege læringsarbeidet skal fungere optimalt.

Prosjektmøte 14.09.04: - Luster ungdomsskule - ein lærande organisasjon? (kap. 9)

I dette avsluttande prosjektmøtet blei fire tema sett på dagsorden:

- Kva vil det seie å vere ein lærande organisasjon ?
- Kva læringsstrategiar vil dei ulike teama prioritere å vidareutvikle ?
- Korleis vidareutvikle god elevåtferd som grunnlag for godt læringsmiljø ?
- Luster ungdomsskule som øvingsskule

Det var eit siktemål å trekke saman fleire av dei perspektiva vi har jobba med gjennom prosjektet. Samtidig var det viktig å peike på korleis mange av fokusområda i prosjektet kan og bør arbeidast vidare med etter prosjektperioden.

1.4 Utfordringar i det vidare arbeidet med utvikling av Luster Ungdomsskule

Den eksterne rettleiaren i prosjektet, Knut Roald, vil trekke fram desse 5 punkta som særleg viktige å arbeide vidare med etter prosjektperioden:

Læringsstrategiar

Dei læringsstrategiane som lærarteama har peika ut som satsingsområde for 2004/2005 (kap.9) er:

Team 8. kl.:

- Lekseplan
- Nivådeling i dei ulike faga (engelsk og matematikk i fyrste omgang)
- Lesevake
- 'Dagsoppdrag' (frå Saltvern)
- 6 vekers bolkar med felles tema i flest mogleg fag
- Lage ein plan for kva aktivitetar 8. trinnet skal vera med på i år

Team 9. kl.:

- 6 vekers planar
- 'Dagsoppdrag', dette som ein del av prosjektarbeid i skulen
- Nivådeling av dei ulike faga – prioritere eit fag om gongen (alle vurderer sine egne fag)
- 6 vekers planar med målformuleringar (jmf. plan frå Eid)
- Max 4 fag pr. dag
- 10.000 kr. til elevrådet – frådrag i denne summen viss elevar gjer skadar/hærverk som ikkje blir erstatta
- Elevane avspaserer kvar 6. fredag (grunna kortare friminutt). Lærarane brukar tida til planlegging.

Team 10. kl.:

- Ny organisering av skuledagen – Dobbeltimar/aktivitetsfriminutt/kvarter ekstra kvar dag mot avspasering for elevane 6. kvar fredag (planlegging for lærarane).
- 6 vekers bolkar.
- Nytt opplegg for mopedkøyring i kombinasjon med studiedagar.
- Strengare reaksjonar på unnasluntring (orden og lekser).
- Meir tilpassa undervisning

Desse læringsstrategiane må det arbeidast systematisk med i 2004/2005. Ein må evaluere utprøvinga både undervegs og ved slutten av skuleåret. Deretter blir det naturleg å sette opp tilsvarande lister for systematisk utvikling av læringsstrategiar i 2005/2006.

I arbeidet med læringsstrategiar må ein også trekke inn data frå Skoleporten og dei nasjonale prøvene på ungdomssteget.

God elevframferd som grunnlag for godt læringsmiljø

Dei felles spelereglane som kollegiet utvikla gjennom prosjektperioden (kap. 7 og 8):

Felles spelereglar i forhold til aktivitet utandørs:

- Elevane skal ikkje opphalda seg bak skulen mot byggefeltet og ikkje innanfor asfalten ved hovudinngangen.
- Unntak gjeld aktivitetsfriminuttet, kl.10.35 – 11.00. Då går elevane tur, spelar fotball på grusbana og under yrkesskulebygget eller spelar bandy på asfaltplassen. NB! Basketball og "einspretten" er ikkje aktivitet i dette friminuttet.
- Ballspel skal ikkje føregå ved nokon av inngangane. "Einspretten" er tillate på asfaltplassen og under yrkesskulebygget.
- Ball på taket blir teken ned att ved hjelp av stige, som vakta hentar på 8. kl. sitt lagerrom.
- Ikkje innesko ute.
- Det er ikkje tillate å gå på Pyramiden utan melding heimanfrå. Elevane skal uoppfordra visa meldinga til vakta når dei kjem attende til skulen.
- Elevane skal ikkje vera inne i fyrste (aktivitetsfriminuttet) og siste friminuttet.

Felles spelereglar i forhold til aktivitet innandørs:

- Vi må legge vekt på å halde oppe dei gode ordningane vi har fått til i høve:
 - innesko
 - plasseringa av ballar
 - bossortering i klasseromma
 - trinna held seg på sitt areal
 - lett å vera innevakt
 - lite knuffing
- Dette gjer vi for å kome lenger med utfordringane vi har i forhold til elevframferd innandørs:
 - Administrasjonen tek avgjerder om reglar som skal gjelde borda i trinnareala og bossorteringa
 - Ordensvaktene (elevar) sjekkar opp utskrifter frå PC, papir som ligg att, boss i og utanfor klasseromma, lukking av vindauge
 - I siste time i kvart rom kontrollerer lærar at ordensvaktene har fullført arbeidsoppgåvene sine
 - ikkje bruk av datamaskiner i friminuttane
 - snop er ikkje tillate i timane
 - elevane bankar på dør ved lærarrommet, datarom og spesialrom skal vera låste
 - elevar kjem ikkje åleine for å kopiera

Det er viktig at elevane blir trekte med i jamlege drøftingar av korleis ein praktiserer desse spelereglane.

God klasse- og undervisningsleiing

Legge vekt på å vidareutvikle sentrale moment vi har arbeidd med i Terje Ogden si forskning på dette området (kap.5):

Karakteristiske trekk ved skular med godt læringsmiljø:

- Proaktive - lagar spelereglar før uønska åtferd oppstår
- Sterkt fellesskap mellom elevar, foreldre og lærarar (både i læringsarbeidet og i sosiale tiltak)
- Lærarsamarbeidet bygger på velfungerande team
- Elevane har stor grad av autonomi og ansvar i læringsarbeidet
- Legg vekt på ros til elevane for god åtferd og godt læringsarbeid

Konkrete tiltak ved skular med godt læringsmiljø:

- Lærarane har saman med elevane i klassen/gruppa/trinnet utarbeidd 5-10 reglar som skal gjelde for å få eit godt læringsmiljø i dei romma dei disponerer
- Tett evaluering - Når nye avtalar er inngått, blir gjennomføringa evaluert både av elevar og lærarar alt etter første time/dag.
- Dei fleste evalueringane og planleggingane for å få eit godt læringsmiljø blir gjort teamvis (ikkje i fellesmøte)
- Dårleg åtferd eller manglande arbeid får konsekvensar som inneber at eleven må rette opp det som er gjort galt/ikkje er gjort

Det vil vere nyttig at kollegiet arbeider meir med det fagstoffet av Terje Ogden som alle tilsette har fått utdelt.

Når delar av læringsarbeidet blir meir individuelt retta, er det viktig at skulen legg vekt på å bygge ut felles arenaer på andre måtar, til dømes: morgonsamlingar, månadssamlingar, elevfestar, foreldrefestar, utstillingar, teater/musikk, aksjonar for veldedige formål, dugnadar.

Luster ungdomsskule som øvingsskule

Skulen vil kunne ha stort fagleg utbytte av å bygge ut samarbeidet med HSF om øvingsopplæring slik dette er skissert i kap. 9.4. Dei første utprøvingane i 2004/2005 må evaluerast tidleg. Samtidig må leiinga ved Luster ungdomsskule våren 2005 ta initiativ til nye møter med HSF om vidareutvikling av samarbeidet om øvingsopplæring.

Luster ungdomsskule som ein lærande organisasjon

Legge vekt på arbeidsmåtar som kjenneteiknar lærande organisasjonar slik dette er gjort greie for i kap. 9.1

- Kollegiet gjennomfører i fellesskap og/eller team jamlege situasjonsanalysar der ein kjem fram til sterke og mindre sterke sider ved arbeidet på skulen.
- Ein arbeider seg gjennom grupper og plenum fram til konkrete tiltak/utprøvingar som skal bidra til å:
 - Halde oppe kvaliteten i arbeidsprosessar som er gode
 - Vidareutvikle kvaliteten på område der ein meiner arbeidsprosessane må bli betre
- Dei konkrete tiltaka/utprøvingane som er nemnde ovanfor, blir systematisk prøvd ut over ein konkret avtalt periode.
- Utprøvingane blir evaluerte fleire gonger undervegs (første gong berre få dagar/veker etter oppstart), små korte evalueringar i grupper eller plenum (10-15min)
- Ved slutten av ein utprøvsperiode blir det gjennomført ei meir omfattande evaluering. Kursen blir eventuelt justert før ein går inn i ein ny avtalt utprøvsperiode (som då gjerne kan vere litt lenger).

Luster ungdomsskule har gjennom prosjektperioden vist stor evne til å arbeide systematisk med sitt utviklingsarbeid. Forholda skulle såleis ligge godt til rette for å vidareutvikle læringsarbeidet og skolemiljøet ved Luster ungdomsskule!

Kap. 2 KLÅRGJERING AV UTGANGSPUNKTET

(prosjektmøte 17.09.03)

Heile kollegiet var samla til startsamling i prosjektet med utgangspunkt i dette notatet:



Sogndal
Avdeling for lærerutdanning
Bespøkeadresse: Fosshaugane, Sogndal
Tlf. 57 67 60 00 Fax 57 67 60 51

Til dei tilsette ved Luster ungdomsskole

Dato
01.09.03

Samarbeid om ny ungdomsskole i Luster

Eg har fått spørsmål om å vere med i den pedagogiske planlegginga av overgangen til det nye ungdomsskolebygget i Luster.

Dette ser ut som ei spanande utfordring der mine bidrag i særleg grad kan vere:

- Kontakt med og kjennskap til mange ungdomsskolar som driv eit aktivt utviklingsarbeid (m.a. demonstrasjonsskolane)
- Informasjon om sentrale skolepolitiske spørsmål i Noreg for tida: L97-vurderinga, Kvalitetsutvalet, differensieringsprosjektet, satsing på skolevurdering m.m.
- Samarbeide med personalet om klargjering av mål og utfordringar ved overgangen til nytt bygg (samarbeid på planleggingsmøte, utarbeide prosjektdokument m.m.)
- Glede meg saman med dykk over det flotte nye bygget!

Eg trur vi vil ha nytte av å sjå samarbeidet i tre etappar:

1. Perioden fram til innflytting i nybygget
2. Første våren i nytt bygg
3. Skoleåret 2004/2005 som første ordinære driftsåret

For kvar av desse etappane samlast vi til drøfting, informasjon og klargjering av vegen vidare.

For den første etappen har eg i samarbeid med leiinga ved skolen og tillitsvalde kome fram til desse fire aktivitetane så langt:

4. september - 4 - 6 tilsette ved Luster u.sk. kan delta på kurs i Førde med Saltvern Ungdomsskole - ein spanande demonstrasjonsskole med gode resultat. Dette vil kunne gi oss mange gode innspel og spanande materiell som dei har utarbeidd. (Concordbygget kl 10.00)

5. september - 4-6 tilsette ved Luster kan delta i Sogndal når leiaren av L97-vurderinga, Peder Haug, går gjennom resultat i denne omfattande foiskinga. (Fosshaugane v/footballbana kl 10.30)

18. september - Knut Roald jobbar saman med personalet i Luster (kl 16 -20)

23. oktober - Knut Roald jobbar saman med personalet i Luster ein heil dag

Eg vil be om at skolen kjem fram til kven som blir med i ei **styringsgruppe** for dette prosjektet. Saman med styringsgruppa vil eg planlegge kvar av desse dagane og vegen vidare.

Eg ser fram til eit spanande samarbeid

Med helsing

Knut Roald
Førstelektor

HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE
PB 133, 6851 Sogndal,
Telefon 57 67 60 00
Telefax 57 67 61 00

Sakshandsamar, Knut Roald


2.1 Grunnlaget for å etablere eit prosjekt

Knut Roald gjekk i første del av møtet gjennom at prosjektet vil ha to tilnærmingar:

- Systematisere debatten om dei pedagogiske løysingar ein vil legge opp til
- Etablere ein ressursbank av innspel og idear frå andre skular, forskingsrapportar og pedagogisk litteratur.

Systematisering av debatten

Det ligg mange fordelar i å systematisere debatten om dei ulike løysingane etter ein modell:



Vi vil då kunne avklare kva felles og ulike utgangspunkt vi har. Ut frå dette kan vi jobbe vidare med målsetting, framlegg til tiltak, prioritering av tiltak og systematisk vurdering av utprøvingane undervegs.

Det er rimeleg å forvente at kollegiet har til dels ulike syn i desse spørsmåla. Fordelen med å jobbe etter ein slik systematisk modell ligg i at usemje og avgjerder kan arbeidast med stegvis. Ulike synspunkt kan nyttast til fruktbar debatt heller enn som kjelde til konflikhtar.

Ressursbank

Vi etablerer kontakt med andre skular som arbeider med skulebygningar og pedagogiske løysingar som er aktuelle i forhold til den nye skulen i Luster. Demonstrasjonsskulane i Noreg er ei slik kjelde. Knut Roald har fagleg samarbeid med fleire av desse.

I Luster-prosjektet vil vi også etter kvart trekke inn aktuelle forskingsarbeid innan pedagogikk. Ny pedagogisk litteratur vil også vere viktig i ressursbanken.

Ressursbank

- Andre skular sine løysingar
- Forskingsbasert kunnskap
- Pedagogisk litteratur

2.2 Fleire steg i prosjektet

Det vil vere viktig å sjå prosjektet i fleire steg. Nokre spørsmål er det svært viktig å avklare før innflyttinga i desember 2003/januar 2004. Deretter kan avklaringar og utprøvingar gjerast etappevis.

- Fram til innflyttinga i desember 2003
- Våren 2004
- Hausten 2004

Vi arbeider ut frå at sjølve prosjektperioden går ut 2004. Frå august 2005 skal dei pedagogiske løysingane vi har valt vere etablerte. Ein må sjølvstendig evaluere og justere vidare, men då knytt til ordinær drift utan prosjektorganisering.

2.3 Synfaring i det nye bygget

Etter den innleiande økta i møtet 17.09.03 gjennomførte vi felles synfaring i det nye skulebygget. Byggeleiar viste rundt og gav orienteringar.

Eit gjennomgåande inntrykk var at dei nye areala opnar for mange spanande løysingar. Riktig brukt vil dette kunne styrke læringsarbeidet til elevane vesentleg, feil brukt vil arbeidet kunne bli utflytande og prega av uro.

2.4 Problemstillingar som kom fram etter synfaringa

Ut frå synfaringa drøfta vi i plenum kva problemstillingar som vil vere viktig å avklare i perioden fram mot innflytting. Desse spørsmåla blei ståande som dei sentrale:

- Korleis bruke areala optimalt i forhold til både undervisningsøker og pausar?
- Korleis lage klare avtalar i forhold til 'vandring' i det opne bygget?

- Korleis bruke trinnareala optimalt til læring i tillegg til klasseromma?
- Korleis nytte grupperomma optimalt?
- Korleis nytte scena og fellesrommet i vanlege undervisningsøkter?
- Korleis organisere innflyttingsfasen? Alle samstundes, eller etappevis?
- Korleis skal vi før innflyttinga etablere klare reglar i kvar klasse om bruken av dei nye areala?
- I kva grad ønskjer vi aldersblanding i timar og friminutt?
- Friminutt samstundes?
- Inne/ute i friminutta?
- Kva fellessamlingar vil vi legge opp til for heile elevflokket?
- Kva klassar bør/ønskjer å nytte arealet med foldevegg?
- Kva klassar bør vere i bygningen sitt midtre areal?
- Skal elevane ha fast areal i 3 år, eller skal vi ha faste areal for kvart årssteg?
- Kva vil vere hovudideane om bruk av IKT i undervisninga?
- Korleis skal vi timeplanlegge dei praktisk-estetiske areala? Periodar eller tradisjonell timeplan?
- Korleis arbeide med musikk?
- Korleis arbeide med språklab?
- Korleis nytte drivhuset?
- Korleis gjennomføre heimkunnskap i forhold til bruk av fellesrommet?
- Korleis nytte spesialpedagogisk rom?
- Kva skal vere gode reglar for bruk av fottøy?
- Teamkontora: Skal vi skifte kontor når vi skiftar team?
- Korleis trekke foreldra og bygda med i positivt samarbeid om det nye bygget?
- Kva type opningsarrangement vil styrke den pedagogiske bruken av bygget første halvåret?

2.5 Analyse av no-situasjonen ved Luster ungdomsskule

I siste del av dette prosjektmøtet arbeidde kollegiet i grupper. Oppgåva var å stille opp ein analyse av sterke og mindre sterke sider ved det daglege arbeidet før innflytting i nytt bygg. Poenget med analysen var å etablere eit utgangspunkt for dei spørsmåla vi skal jobbe djupare med i første periode etter innflyttinga.

Her følger kvar av gruppene sine analysar:

Gruppe: Gunn Beate, Atle, Jan Tore, Synnøve

Oppgåve (Gunn Beate, Atle, Jan Tore og Synnøve)	Kva er skulen sterk på?	Utfordringar
Undervisninga	Vektlegge skriftlege fag. Opptekne av gode fagkarakterar. Flink med elevar frå midten og opp. God disiplin Godt forhold mellom elevar og lærar.	Korleis nå dei svake elevane? Korleis få elevar til å yte max. Tilpassa undervisning til dei svakaste elevane.
Arbeidsplan og lekser	Arbeidsplanane er gode. Matematikk nivådelt og strukturert. Kontroll av heimearbeid. Nivådelt lekse spesielt i matematikk og engelsk	Nivådeling i dei andre faga, også munnlege fag. Lage utfordringar til alle - meistring.
Dag- og vekerytme (45+15 min.)	45+15min.intervallar, med unntak av kroppsøving og heimkunnskap.	Kva ein gjer i forhold til fleksibilitet på tvers av fag og klassar. - Samarbeid - Prosjekt
Sterke/svake elevar	Fått frigjort ressursar til svake elevar - dette nyttast til delingstimar	Finne stoff til svake elevar utan å nytte 3. kl.boka.

Gruppe: Oddlaug, Herdis, Odd, Tore, Einar

	STERK:	UTFORDRING:
UNDERVISNING	<ul style="list-style-type: none"> - fagretta (i forhold til eksamen) - formidlingsundervisning 	<ul style="list-style-type: none"> - motivering - erfaringsutveksling frå kollegiet ----- - praktisk prosjektarbeid - kan vi for lite eller er vi for ambisiøse?
ARBEIDSPLAN/LEKSE	<ul style="list-style-type: none"> - Kap. plan i matematikk - Denne er strukturert og nivåådel 	<ul style="list-style-type: none"> - ikkje "sy puter" under armene til elevane - blir dei usjølvstendige ved bruk vekeplan?
DAGS-/VEKERYTME	<ul style="list-style-type: none"> - Rutine, stabilitet, tradisjonell undervisning 	<ul style="list-style-type: none"> - klokka - fleksibilitet t.d. 6v bolkar - på tvers av fag, på tvers av klassar
STERKE/SVAKE ELEVAR	<ul style="list-style-type: none"> - Organisering i større grupper. Fag og det sosiale må gå hand i hand. Nesten komne bort frå einetimar for svake elevar 	<ul style="list-style-type: none"> - tilpassa opplæring - individuell plan

Gruppe: Anne Berit, Edmund, Inger Marie, Elin, Tove

	STERK	UTFORDRINGAR
Undervisning	<ul style="list-style-type: none"> - Formidlingspedagogikk - Fagleg sterk 	<ul style="list-style-type: none"> - For einsarta i metoden - Vidare utvikling av prosjektarbeid - Diskutere kva fag som skal prioriterast - Leggje timeplanen på andre måtar
Arbeidsplan og lekser	<ul style="list-style-type: none"> - Mange har lekseplan, evt. Månadsplan 	<ul style="list-style-type: none"> - Koordinere lekser, mengd til ulike dagar - Diskutere om klassane skal ha like planar - Finne fram til om vi skal vere like/ ulike - Prioritere samarbeid mellom lærarane - Prioritere fag, med omsyn til arbeidsmengd m.m.
Dagsorden/vekerytme	<ul style="list-style-type: none"> - Fast rytme/ dagsplan - Fast plan på tidfesting av prosjektarbeid - Alle får fast lab.time, datatime 	<ul style="list-style-type: none"> - Prøve t.d. dobbelttime - Periodeplanar - Gjennomføre det vi blir einige om
Sterke og svake elevar	<ul style="list-style-type: none"> - Høyrer til i klassen - Gruppedeling 	<ul style="list-style-type: none"> - Differensiering - Prøve tolærarsystem - Gruppa (med iop-elvar) er blitt for stor - kva gjer vi? - Er det rett å bruke spes.ped.ressursen som om det var delingstimar? - Lære meir om planar på ulike nivå - t.d. på Luster vidaregåande - Ueinige om det er middelselevane eller dei andre som får mest av tida vår.

Kap. 3 VI GJER DEI FØRSTE VALA

(Prosjektmøte 23.10.03)

Andre prosjektsamlinga var lagt opp som ein planleggingsdag. I tillegg til heile kollegiet var skulesjef Reidulf Kjørsvik og prosjektleiar Knut Roald med.

Programmet for dagen var sett opp slik:

- 08.30 - 09.30 Kvalitetsutvalet sine framlegg v/Knut Roald
- 09.30 - 10.30 Saltvern skole sitt pedagogiske opplegg v/tre av Luster-lærarane
- 10.30 - 15.30 Vi arbeider vidare med problemstillingane vi kom fram til 18.09.03

3.1 Kvalitetsutvalet sine framlegg

Knut Roald gjekk gjennom hovudtrekka i dei over 100 framlegga Kvalitetsutvalet har lagt fram:

- Nye former for individuelt arbeid og fellesaktivitetar
- Auka satsing på realfag
- Auka satsing på språk
- Auka satsing på fysisk aktivitet
- Nye former for nasjonale prøver og skulevurdering

Etter dette hadde kollegiet ein aktiv debatt om kva dette kan få å seie for arbeidsmåtane i det nye bygget til Luster ungdomsskule.

Vi trekte ikkje konkrete konklusjonar under denne delen av programmet, men såg på dette som viktig grunnlag for dei meir konkrete avgjerdene vi må ta.

3.2 Saltvern skole sitt pedagogiske opplegg

Ei gruppe frå Luster ungdomsskole deltok tidlegare hausten 2003 på eit kurs i Førde der Saltvern skole blei presentert. Saltvern skole er demonstrasjonsskole og har utvikla eit svært elevaktivt læringssystem.

Tre av Luster-lærarane som var med i Førde, presenterte hovudpoeng i Saltvern sin modell:

- Annleis arbeidsdag både for elevar og lærarar
- Ugleboka - eit verktøy for elevane si eiga planlegging og eiga vurdering. Både elevar og foreldre skriv under kvar veke.
- Leksefleks - eit system med lenger dag på skolen for arbeid med lekser
- Skuleringsopplegg for foreldra
- Felles lærarplanlegging kvar fredag frå kl 12.00

- Arbeidsperiodar på 6 veker
- Fastlærarsystem for elevgrupper på 12
- Elevane lagar sine planar ut frå 14.dagars rammeplanar som lærarane sett opp (nivådifferensiert)
- Trinnråd (3 lærarar + 3 elevar + 3 foreldre)
- 'Dagsoppdrag' og 'Vekesoppdrag' ein sentral del i det pedagogiske opplegget.

Etter framlegginga var det ein aktiv debatt som medfører at lista "Problemstillingar" frå 17.09.03 blir forlenga. Dette går fram av neste punkt.

3.3 Problemstillingar vi må arbeide med

Denne lista starta vi på 17.09.03. Etter gjennomgangen av Kvalitetsutvalet og Saltvern ungdomsskole er lista utvida med desse punkta:

- Skal vi endre arbeidsdagens inndeling etter kvart?
- Skal vi innføre former for differensierte arbeidsplanar der kvar elev må lage sine individuelle planar for 1-2 veker?
- Skal vi innføre system for personleg planlegging og vurdering for kvar elev?
- Skal vi trekke foreldra inn i elevane si planlegging og vurdering kvar veke?
- Skal vi ta i bruk ei form for fastlærarsystem?
- Skal vi reorganisere samarbeidsformene med foreldre og elevar, t.d. trinnråd?
- Skal vi ta i bruk former for 'dagsoppdrag' og 'vekesoppdrag'?
- Korleis skal vi forholde oss til Kvalitetsutvalet sine framlegg om styrking av realfag, språkfag og fysisk aktivitet?

3.4 Vi gjer dei første vala våre

I siste del av planleggingsdagen arbeidde vi med nokre av dei vala som er viktige å ta i haust.

Vi kom fram til:

- Vi satsar på at elevane skal flytte inn i det nye bygget første veka etter nyttår. (her må vi likevel avvente endelege beskjedar frå byggeleiar). Vi flyttar inn berre eitt trinn pr. dag. 10 klasse først. Gjerne ein dag opphald mellom kvart trinn som flyttar inn.
- Lærarane skal ha flytt inn i dei nye kontora 14 dagar før elevane flyttar over i det nye bygget.
- Lærarane har kontor i forhold til kva team dei arbeider i. Når ein lærar flyttar over til nytt team, flyttar læraren også over til nytt kontorareal. Etter loddtrekning har
- 8.-teamet kontor nærast personalrommet, 9.-teamet i midten og 10.-teamet nærast rektor sitt kontor.

- 10. klasse er i det midtre arealet, 9.klasse er i arealet nærast kontorfløyen og 8.klasse nærast gymsalen. Årsstega har faste areal, dei skiftar areal når dei går eit steg opp (m.a. på grunn av utstyr).
- Kva møblar som skal vere i trinna sine prosjektareal blei fastsett. Prosjektgruppa får fullmakt til å avgjere typar møblar i sofagrupper. Det blei lagt vekt på at det må lagast grei ordningar for kopling av datamaskiner, ikkje leidningar som er lause på golv, langs veggjar og liknande.
- Reglar for kvart trinn - Kvart trinn startar no arbeidet med reglar som skal gjelde når trinnet flyttar inn i det nye bygget
- Fottøy - må takast av i yttergangen for kvart trinnareal
- Timeplan og friminutt - Førebels felles. Endringar vil bli drøfta etter kvart.
- Musikkundervisning - Den gamle skulebygningen vil bli kulturskule. Der vil også mykje av musikkundervisninga gå føre seg. I tillegg vil fellesarealet i nybygget bli nytta til morgonsamlingar, større framsyningar o.l.
- Vidare planleggingsaktivitet:
 - Personalmøte ein ettermiddag utan Knut Roald, tysdag 18.11.03, med orientering om uteareal ved byggeleiar Harald Fimreite.
 - 26.11.03 - Personalmøte ein ettermiddag saman med Knut Roald

3.5 Tema som skal opp på møte 18.11.03

- Romfordeling/timeplan i det nye bygget våren 2004 (Målsetting: all aktivitet på kvart team innanfor teamareala)
- Datarom og språklab.
- Bruken av utearealet
- Reglar for å vere ute/inne i friminutta
- Reglar for vandring mellom dei ulike areala

3.6 Tema som skal opp på møte 26.11.03

- Tema som ikkje er ferdigdrøfta frå punkt 2.5
- Kor langt har kvart team kome med å avtale trinnvise spelereglar for flyttinga over i nytt bygg?
- Korleis bruke og utstyre fellesrom og scene?
- Andre praktiske spørsmål vi treng å avklare før innflyttinga?
- Korleis legger vi opp stor innflyttingsmarkering?
- Kva faglege ekskursjonar og foredragshaldarar ønskjer vi å nytte oss av i vårsemesteret? (Målsetting: starte opp drøftingane av det pedagogiske opplegget frå hausten 2004)
- Kva fleire møte treng vi før innflyttinga?

Kap. 4 UTEOMRÅDET VED DEN NYE SKULEN

(Prosjektmøte 18.11.03)

4.1 Orientering om uteområdet

(v/byggeleiar Harald Fimreite)

- Arealet mot yrkesskulebygget er ferdig til bruk.
- Arealet mot nordvest er ikkje tilsådd og her må aktiviteten avgrensast.
- Der det er lagt ferdiggras må ein vera merksam på for hard bruk og vera ekstra obs til våren i teeløysinga.
- Resten av grøntarealet, mot Øyagata, blir sådd til våren. (ev. heva og sådd)
- All parkering blir på parkeringsplassen . Berre varelevering skjer bak skulebygget mot nordvest.
- Sykkelparkeringa blir truleg langs yrkesskulebygget på sida mot Øyagata.
- All restplanting skjer til våren.

4.2 Aktivitetsområdet/uteområdet

- asfaltert ballbane 20x40 m
- basketballstativ 4 stk.
- huske
- bordtennisbord 3 stk.
- sjakkbrett
- asfalterte haugar til sykkel og rullebrett (ferdigstilte til våren)
- utemøblar (er lagt på vent)
- søppelkorgar?

Kvart klasseteam diskuterte korleis aktivitetsområda skal fordelast og reglar for å vera ute/inne. Etter ei felles oppsummering blei dei same teama utfordra på romløysing / timeplan for våren 2004 , på reglar for bruk av dei ulike areala inne, samt datarom og språk - laboratorium. Dette blei og oppsummert felles til slutt.

4.3 Aktivitetsområda

- Ikkje fordela elevane på område, berre setja opp plan dersom det blir naudsynt
- Må ha reglar som skal følgjast for både inne- og uteområda
- Kva med elevvakter?

- Køyra dobbelttime i starten av dagen for å få til lengre pause seinare for å koma ut og i aktivitet
- La klasseråd og elevråd vera med å bestemma korleis arbeidsøkte/pausar kan fordelast.
- Må ha fast plass for utstyr som ballar, køller og liknande, slik at alle klassestega har det tilgjengeleg og at det ikkje blir med inn i inneareala.
- Må kunna bruka grusområdet ved yrkesskulen inntil anna areal er ferdig

4.4 Datarom

- Anna pedagogisk utfordring enn no.
- Korleis oppdatere maskiner / skjermar
- Ønskjer skrivar plassert på kvart trinn
- Datamaskin som styrer prosjektor bør stå fast i klasserommet
- Datamaskinene på klassesteget må plasserast samla, men nokre klassar treng datamaskin på klasserommet.

Kap. 5 KVA ER GOD KLASSE-LEIING?

(Prosjektmøte 26.11.03)

5.1 Innleiing

Ved innleiinga av samlinga peika Knut Roald på at arbeidsøkta måtte ha både:

- Eit 'helikopterperspektiv', sjå til overordna prinsipp i utviklinga av norsk skule.
- Eit 'brødperspektiv', vere opptekne av dei praktiske utfordringane i samband med innflyttinga i nytt bygg.

5.2 Kva fagleg påfyll vil vi søke våren 2004?

Kollegiet drøfta seg fram til tema/problemstillingar som det vil vere viktig å kome lenger i forhold til gjennom inspirasjonssamlingar, ekskursjonar m.m.:

- Eit tettare samarbeid med foreldra om elevane sitt læringsarbeid
- Grep for å auke elevmotivasjon
- Sjå korleis andre skular med aktivitetsareal har lagt opp læringsarbeidet og det sosiale samspelet
- Gode løysingar for bruk av tekniske hjelpemidlar
- Organisering av dagen, lærarteam, elevgrupper, timeplan, fagleg/tverrfagleg
- Studere alternative arbeidstidsordningar for lærarar og elevar
- Lærarens rolle som rettleiar og forelesar
- Elevar med særskilde vanskar
- Tilpassa opplæring for alle
- Skulen som ressurs for lokalmiljøet
- Aktiv bruk av lokalmiljøet sine ressursar i skulen
- Aktiv bruk av IKT i faga
- Elevansvar for individuelt læringsarbeid og felles læringsarbeid
- Det sosiale samspelet mellom elevar og lærarar
- Godt samarbeid med barneskular som sender elevar til ungdomsskulen
- Aktive opplegg for dei praktisk estetiske faga (i skulen og i lokalmiljøet)
- Studere alternative pedagogiske tilnærmingar som Steiner og Montessori

5.3 Kva tid kan vi sette av til fagleg påfyll våren 2004?

Vi drøfta oss fram til desse moglege tidspunkta:

- 2-3 ettermiddagar i løpet av våren 2004
- Skidagen - Knut Roald undersøker om studentar kan arrangere dagen
- PRYO - dagar/veke
- Fredag 21. mai
- Impulssamling for kollegiet ei helg
- Lærargrupper som drar på ekskursjon 1-2 dagar i skuletida

5.4 Kva er god klasse- og undervisningsleiing?

Knut Roald tok utangspunkt i Terje Ogden si forskning om dette temaet.

Karakteristiske trekk ved skular med godt læringsmiljø:

- Proaktive - lagar spelereglar før uønska åtferd oppstår
- Sterkt fellesskap mellom elevane, foreldre og lærarar (både i læringsarbeidet og i sosiale tiltak)
- Lærarsamarbeidet bygger på velfungerande team
- Elevane har stor grad av autonomi og ansvar i læringsarbeidet
- Legg vekt på ros til elevane for god åtferd og godt læringsarbeid

Konkrete tiltak ved skular med godt læringsmiljø:

- Lærarane har saman med elevane i klassen/gruppa/trinnet utarbeidd 5-10 reglar som skal gjelde for å få eit godt læringsmiljø i dei romma dei disponerer
- Tett evaluering - Når nye avtalar er inngått, blir gjennomføringa evaluert både av elevane og lærarar alt etter første time/dag.
- Dei fleste evalueringane og planleggingane for å få eit godt læringsmiljø blir gjort teamvis (ikkje i fellesmøte)
- Dårleg åtferd eller manglande arbeid får konsekvensar som inneber at eleven må rette opp det som er gjort galt/ikkje er gjort

5.5 Utarbeiding av spelereglar som skal gjelde for kvart trinn i det nye bygget

Med utgangspunkt i Terje Ogden si forskning arbeidde kvart team med dei spelereglane som skal gjelde for kvart trinn i det nye bygget.

Før jul besøker kvart team det nye bygget. Lærarane og elevane arbeider saman ut dei spelereglane som skal gjelde for å få eit godt læringsmiljø frå første arbeidsdag i dei nye areala.

Desse tre måla er vesentlege:

- Optimalt læringsarbeid
- Ikkje hærverk
- Alle areal skal ha høg estetisk kvalitet

Avtale:

- Kwart av teama evaluerer korleis dette går alt etter første arbeidsdag. Aktuelle tiltak blir sett inn umiddelbart.
- Kollegiet må også kome saman og evaluere første dag etter at alle elevane har arbeidd i den nye skulen.
- Både teama og heile kollegiet har korte evalueringar kvar veke den første månaden. Det er svært viktig å unngå at elevane etablerer uønska åtferdsmønster i innkøyringsfasen av det nye bygget!!
- Skulen kjøper inn Ogden sitt temahefte til alle lærarane

5.6 Felles avgjerder vi må ta no

I siste del av denne samlinga tok vi opp spørsmål som det er viktig å ha avgjort i fellesskap før innflyttinga i ny skulebygning.

Avtale:

- Vandring mellom dei tre undervisningsareala er ikkje tillate i undervisningstida. I 'innefriminutt' prøver vi ut ei ordning der elevane regulerer dette på eige ansvar
- Dobbelttime ved starten av dagen.
- Vi skal ha to friminutt pr. dag der elevane må vere ute. Vi skal samarbeide med fysioterapitenesta om gode uteaktivitetar. Inger M. Evjestad utarbeider ein detaljplan som blir langt fram for kollegiet til godkjenning før jul.
- Rektor avgjer om det er for dårleg ver til å vere ute i dei to utefriminutta.
- Før jul blir det sendt ut ein informasjon til heimane om innflytting i nytt skulebygg, opningsfest, open skule-dag m.m.

- Vi held fast med den tidlegare skisserte planen der lærarane flyttar over i nytt bygg først. Deretter 10., 9. og 8. klasse på ulike dagar. Det kan bli tidsforskyving dersom ikkje varmpumpe m.m. er på plass, men vi held fast ved strukturen i planen vår.
- Det må utarbeidast ein plan for korleis klasseromsbibliotek og bibliotek skal fungere
- Det må utarbeidast ein plan for bruk av språklab.
- Plassering av datamaskiner og ev. datarom må drøftast vidare
- Musikktilmar blir lagt til den gamle skulebygningen. Her kan ein etter kvart få større/nye areal til dei ulike aktivitetane i faget.

5.7 Vidare arbeid med prosjektet ”Luster ungdomsskule - pedagogiske løysingar i nytt skulebygg”

Knut Roald møter plangruppa ved skulen for å planlegge vidare tiltak:

Tysdag 13.01.04 kl 18.00 – 20.30

Ettersom sjukdom har medført noko omskifte i rektorstillinga møter også dei som har vikariert i rektorstillinga i haust.

Dei som møter blir dermed:

Malvin Moen, Inger Marie Evjestad, Tore Sviggum, Oddlaug Leivdal og Einar Ese.

Kap. 6 STUDIEREISER OG KURS

(januar 2004 - mai 2004)

I perioden januar –mars 2004 blei det i prosjektet lagt vekt på desse aktivitetane:

- Innflytting i den nye skulebygningen i januar 2004
- Studiereiser til Svelgen skule og Eid ungdomsskule
- Kurs med Kurt Danielsen frå Saltvern Ungdomsskule

6.1 Innflyttinga i den nye skulebygningen

Innflyttinga i den ny skulen blei gjennomført i januar 2004, etter nokre veker forseinking grunna tekniske installasjonar. Innflyttinga blei gjennomført i samsvar med dei val og planar som går fram av kap. 1-5. I etterkant gav kollegiet klårt uttrykk for at arbeidet i prosjektet hausten 2003 gjorde overflyttinga og nyetableringa rimeleg smidig og velordna.

Foreldra blei orienterte om overflyttinga i brev som blei sendt til heimane før jul. I første del av februar blei opninga av den nye skulebygningen markert mellom anna med fest for elevar, føresette og tilsette. I mars blei det også arrangert open dag der foreldre og andre interesserte kunne sjå den nye skulen med elevane og tilsette i arbeid.

6.2 Studiereiser til Svelgen skule og Eid ungdomsskule

Med utgangspunkt i problemstillingane som er lista opp i kap. 2 og kap. 3, ønska kollegiet at det skulle bli gjennomført gruppevise studiereiser til skular som arbeider systematisk med utvikling av læringsstrategiar. Valet falt på Svelgen skule og Eid ungdomsskule. Svelgen skule har arbeidd i lengre tid med å utvikle bruken av IKT som ein integrert del av det daglege læringsarbeidet. Eid ungdomsskule har i fleire år arbeidd systematisk med endringar av skuledagens organisering, og tilpassa opplæring for elevane.

Dei lærargruppene frå Luster som deltok i studiereisene, rapporterte i etterkant til sine team. Dei gjorde også greie for sine observasjonar på fellesmøte i kollegiet. Observasjonane blei vidare diskutert i samband med framdrift av prosjektet "Luster ungdomsskule - pedagogiske løysingar i nytt skulebygg" (sjå kap. 7 og 8)

6.3 Kurs ved Kurt Danielsen frå Saltvern ungdomsskule

Saltvern ungdomsskule er ein demonstrasjonsskule som har lagt vekt på å utvikle arbeidsplanar for elevane, fleksibel elevtid, studietid og styrka kontakt mellom skole og heim. Vi valde å invitere teamleiar Kurt Danielsen frå Saltvern til å halde ein kursdag ved Luster ungdomsskule i mars 2004. Han gjekk gjennom dei sentrale elementa i det pedagogiske opplegget ved Saltvern ungdomsskule. Dei ulike lærartema ved Luster ungdomsskule drøfta deretter innspela frå Saltvern (sjå kap. 7 og 8)

Kap. 7 LÆRINGSSTRATEGIAR OG ELEVÅTFERD

(Prosjektmøte 23.03.04)

På denne prosjektsamlinga arbeidde vi ut frå to hovudfokus:

- *Læringsstrategiar*: Drøfting av undervisningsformer, arbeidsplanar og lekser, organisering av skuledag og -veke
- *Elevåtferd*: Drøfting av elevåtferd både i arbeidsøktene og i friminutta

Det blei lagt vekt på å vurdere sterke og mindre sterke sider ved læringsstrategiar og elevåtferd ved Luster ungdomsskule pr. mars. 2004. Dette skulle så danne utgangspunkt for studiereisene til Svelgen og Eid samt kursdagen med Kurt Danielsen frå Saltvern. Dei ulike lærarteama drøfta seg fram til dei viktigaste utfordringane slik det er skissert i kap. 7.1 og 7.2.

7.1 Læringsstrategiar

Dei ulike lærarteama skisserte utfordringane og ønskje om vidare studiar slik:

Team 8. kl.:

UNDERVISNING	ARBEIDSPLAN & LEKSER	DAG- OG VEKERYTME
<ul style="list-style-type: none"> - Korleis få elevar til å yta meir? - Motivering - Variasjon i metodar - Prioritering av fag - Praktisk-estetiske fag/teoretiske fag - Læraren som ressurs/eigenlæring - Fellesskapet/individuell arbeidsplan - Tilpassa undervisning for alle - IOP og tolærar-system/grupper - Svake elevar og tildeling av ressursar - Korleis leggja timeplanen? - Erfaringsutveksling mellom kollegiet 	<ul style="list-style-type: none"> - Nivådeling i ulike fag - også på prøvar? - innan kl.steget? - Periodeplanar/organisering - Korleis organisere samarbeid mellom lærarar: <ul style="list-style-type: none"> - tal møte - tid 	<ul style="list-style-type: none"> - Fleksibilitet på tvers av fag og klassar - Korleis dela opp dagen? - Fleksibilitet- t.d. ved å nytta 6-vekers bolkar

Team 9. kl.:

Ved studiar av Saltvern, Svelgen og Eid skule ønskjer vi å finna svar på følgjande utfordringar:

Saltvern:

- Korleis nå den einskilde eleven?
 - individuelle planar
 - nivådeling - sterke/svake elevar
 - motivering
- Korleis ivareta felleskapet? Ikkje berre individualisering.
- Korleis gjennomføra periodeplanar - veke-/dagsrytme?
- Lærarsamarbeid - fleksibilitet i høve til fag og klassesteg.
- Korleis nytta spes.ped.ressursar?

Svelgen:

- Korleis bruka IKT som hjelpemiddel?
 - i ulike fag
 - høvelege ped. programvarer - kven har oversikt?

Eid:

- Organisering av skuledagen.

Team 10. kl.:

- Korleis nå dei svakaste elevane?
Korleis få elevar til å yte maksimalt?
Erfaringsutveksling frå kollegiet
Kva med praktisk prosjektarbeid?
Undervisningsmetodar
- Lage utfordringar til alle
Vekeplan - gjer elevane sjølvstendige/usjølvstendige
- Kva ein gjer i forhold til fleksibilitet på tvers av fag og klassar
Periodeplanar - korleis blir dei gjennomførde - tal timar i faget (timebyteplan)
- Røynsle med kontaktlærar
Korleis blir spes.ped - ressursen organisert?

7.2 Elevåtferd

Dei ulike lærarteama skisserte utfordringane og ønskje om vidare studiar slik:

Team 8. kl.:

- Lojalitet: same reglar - ulik gjennomføring.
(til dømes: friminutt: inne/ute, snop, høyretelefonar, datarom/friminutt, aktivitetsfriminutt/turgåing, lappar for kva? ...)
- Kjennskap til reglane blant elevane - same informasjon til alle.
("Det seier ikkje ...")
- Ulike teamreglar skapar ulikskap - vanskeleg å forhalde seg til ulike reglar (vakter, andre faglærarar).
- Korleis følge opp reglar?

Vi trur: Der fellesskapet fungerer, er det gjerne felles overordna reglar.
Skulen bør difor ha visse felles "køyrereglar".

Team 9. kl.:

Reglar som ein treng drøfte/ presisere i fellesskap:

- opphaldsplassar for elevane ute og inne
- rydding/orden
- belønning
- ikkje innesko ute
- utefriminutt
- klar når timen startar
- konsekvensar ved regelbrot
- lærarlojalitet: same reglar - same praktisering , gjera reglane kjende i klassen

Team 10. kl.:

Utefriminutta	(fellesskapet)
Opphald i klasserommet.....	(fellesskapet)
Datarom i friminuttet	(fellesskapet)
Rapporteringsskjema.....	(fellesskapet)
Definera uteområdet (kven sin haug?)	(fellesskapet)
Konsekvensar ved regelbrot	(fellesskapet)
" privatpraktiserande reglar "	(fellesskapet - adm)
Arbeid i trinnarealet	(teamnivå)

Kap. 8 GOD ELEVFRAMFERD SOM GRUNNLAG FOR GODT LÆRINGSMILJØ

(Prosjektmøte 10.05.04 og 01.06.04)

I kap. 7 er det gjort greie for korleis kollegiet vurderer sterke og mindre sterke sider ved elevframferda. I prosjektmøta 10.05.04 og 01.06.04 arbeidde vi med spelereglar som skal leggest til grunn for å styrke læringsmiljøet enno meir. Desse punkta kan umiddelbart synast vel praktiske og detaljerte, men ein er samde om at dette er eit viktig grunnlag for at det daglege læringsarbeidet skal fungere optimalt.

8.1 Felles spelereglar i forhold til aktivitet utandørs

- Elevane skal ikkje opphalda seg bak skulen mot byggefeltet og ikkje innanfor asfalten ved hovudinngangen.
- Unntak gjeld aktivitetsfriminuttet, kl.10.35 - 11.00. Då går elevane tur, spelar fotball på grusbana og under yrkesskulebygget eller spelar bandy på asfaltplassen. NB! Basketball og "einspretten" er ikkje aktivitet i dette friminuttet!
- Ballspel skal ikkje føregå ved nokon av inngangane. "Einspretten" er tillate på asfaltplassen og under yrkesskulebygget.
- Ball på taket blir teken ned att ved hjelp av stige, som vakta hentar på 8. kl. sitt lagerrom.
- Ikkje innesko ute.
- Det er ikkje tillate å gå på Pyramiden utan melding heimanfrå. Elevane skal uoppfordra visa meldinga til vakta når dei kjem attende til skulen.
- Elevane skal ikkje vera inne i fyrste (aktivitetsfriminuttet) og siste friminuttet.

8.2 Felles spelereglar i forhold til aktivitet innandørs

Vi må legge vekt på å halde oppe dei gode ordningane vi har fått til i høve:

- innesko
- plasseringa av ballar
- bossortering i klasseromma
- trinna held seg på sitt areal
- lett å vera innevakt
- lite knuffing

Vi må kome lenger med:

- alle må rydde etter seg sjølv i fellesareal
- utskrifter/papir ligg att på datarom
- datamaskiner blir ikkje slått av etter bruk
- vindauge blir ståande opne
- tomflasker/boss ligg att
- ordensvaktene i klassane fungerer ikkje fullt ut
- datamaskina blir brukt i friminuttane
- elevar i adm.fløyen
- snop på skulen (timar/friminuttar)
- elevar som kopierer åleine
- borda i trinnarealet
- datarommet til 10.kl
- bokmagasina
- bossordninga - sortering - ut.
- noko knuffing framleis

Dette gjer vi for å kome lenger med utfordringane vi har i forhold til elevframferd innandørs:

- Administrasjonen tek avgjerder om reglar som skal gjelde borda i trinnareala og bossorteringa
- Ordensvaktene (elevar) sjekkar opp utskrifter frå PC, papir som ligg att, boss i og utanfor klasseromma, lukking av vindauge
- I siste time i kvart rom kontrollerer lærar at ordensvaktene har fullført arbeidsoppgåvene sine
- ikkje bruk av datamaskiner i friminuttane
- snop er ikkje tillate i timane
- elevane bankar på dør ved lærarrommet, datarom og spesialrom skal vera låste
- elevar kjem ikkje åleine for å kopiera

Kap. 9 LUSTER UNGDOMSSKOLE - EIN LÆRANDE ORGANISASJON?

(Avsluttande prosjektmøte 14.09.09)

I dette avsluttande prosjektmøtet blei fire tema sett på dagsorden:

- Kva vil det seie å vere ein lærande organisasjon ?
- Kva læringsstrategiar vil dei ulike teama prioritere å vidareutvikle ?
- Korleis vidareutvikle god elevåtferd som grunnlag for godt læringsmiljø ?
- Luster ungdomsskule som øvingsskule

Det var eit siktemål å trekke saman fleire av dei perspektiva vi har jobba med gjennom prosjektet. Samtidig var det viktig å peike på korleis mange av temaa i prosjektet kan og bør arbeidast vidare med etter prosjektperioden.

9.1 Kva vil det seie å vere ein lærande organisasjon

Knut Roald gjekk gjennom nokre av dei grunnleggande trekka i teori om lærande organisasjonar. Sjølv om dette er eit mangfaldig teorifelt, kan det trekkast ut nokre praktiske prinsipp som kjenneteiknar lærande organisasjonar:

- Kollegiet gjennomfører i fellesskap og/eller team jamlege situasjonsanalysar der ein kjem fram til sterke og mindre sterke sider ved arbeidet på skulen
- Ei arbeider seg gjennom grupper og plenum fram til konkrete tiltak/utprøvingar som skal bidra til å:
 - Halde oppe kvaliteten i arbeidsprosessar som er gode
 - Vidareutvikle kvaliteten på område der ein meiner arbeidsprosessane må bli betre
- Dei konkrete tiltaka/utprøvingane som er nemnde ovanfor, blir systematisk prøvd ut over ein konkret avtalt periode.
- Utprøvingane blir evaluerte fleire gonger undervegs (første gong berre få dagar/veker etter oppstart), små korte evalueringar i grupper eller plenum (10-15min)
- Ved slutten av ein utprøvsperiode blir det gjennomført ei meir omfattande evaluering. Kursen blir eventuelt justert før ein går inn i ein ny avtalt utprøvsperiode (som då gjerne kan vere litt lenger).

9.2 Kva læringsstrategiar vil dei ulike team prioritere å vidareutvikle?

Sidan prosjektmøtet i mai hadde dei ulike teama arbeidd ut klåre prioriterte lister over kva læringsstrategiar dei ville satse på å vidareutvikle i skuleåret 2004/2005:

Team 8. kl.:

- Lekseplan
- Nivådeling i dei ulike faga (engelsk og matematikk i fyrste omgang)
- Lesevake
- 'Dagsoppdrag' (frå Saltvern)
- 6 vekers bolkar med felles tema i flest mogleg fag
- Lage ein plan for kva aktivitetar 8. trinnet skal vera med på i år

Team 9. kl.:

- 6 vekers planar
- 'Dagsoppdrag', dette som ein del av prosjektarbeid i skulen
- Nivådeling av dei ulike faga - prioritere eit fag om gongen (alle vurderer sine egne fag)
- 6 vekers planar med målformuleringar (jmf. plan frå Eid)
- Max 4 fag pr. dag

Ting me ynskjer, men som må avgjerast på skulenivå

- 10.000 kr. til elevrådet - frådrag i denne summen viss elevar gjer skadar/hærverk som ikkje blir erstatta
- Elevane avspaserer kvar 6. fredag (grunna kortare friminutt). Lærarane brukar tida til planlegging.

Team 10. kl.:

- Ny organisering av skuledagen – Dobbeltimar/aktivitetsfriminutt/kvarter ekstra kvar dag mot avspasering for elevane 6. kvar fredag (planlegging for lærarane).
- 6 vekers bolkar.
- Nytt opplegg for mopedkøyring i kombinasjon med studiedagar.
- Strengare reaksjonar på unnasluntring (orden og lekser).
- Meir tilpassa undervisning

9.3 Korleis vidareutvikle god elevåtferd som grunnlag for godt læringsmiljø?

Vi gjekk på nytt gjennom dei analysane og forslaga som vi utvikla i mai (sjå kap. 8)

- felles spelereglar i forhold til aktivitet utandørs (kap. 8.1)
- felles spelereglar i forhold til aktivitet innandørs (kap. 8.2)

Hovudutfordringa framover blir å arbeide jamleg med desse spørsmåla i samsvar med det vi veit om kjenneteikna på lærande organisasjonar. Dette inneberer også at elevane blir trekte jamleg med i dei aktuelle diskusjonane.

9.4 Luster ungdomsskule som øvingsskule

Rektor informerte at det i prosjektperioden har vore arbeidd med å klargjere korleis Luster ungdomsskule kan ha nytte av å vere øvingsskule for Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF). Fleire møte med dei ansvarlege for øvingsopplæringa ved HSF har ført til at ein vil bygge ut dette samarbeidet i to steg:

- 1. steg:
Ein avgrensa start med nokre PPU-studentar frå hausten 2004. Dette er studentar som gjennomfører eittårig studium i Praktisk Pedagogisk Utdanning (PPU) etter fullført faglærerutdanning.
- 2. steg
I løpet av skuleåret 2004/2005 drøfte vidare med HSF om å etablere Luster ungdomsskule som øvingsskule i meir utvida form.

Litteraturliste

- Argyris, C., og Schön, D. A. (1978). *Organizational learning: A theory of action perspective*. Reading, Massachusetts: Addison-Wesley.
- Argyris, C., og Schön, D. A. (1996). *Organizational Learning II: Theory, method and practice*. Reading, Massachusetts: Addison-Wesley.
- Askvik, S. (1990). Ledelse og organisasjonslæring. I: O. Nordhaug, *Læring i organisasjoner: Utvikling av menneskelige ressurser* (s. 165-186). Oslo: Tano.
- Bolman, L. G., og Deal, T. E. (1991). *Nytt perspektiv på organisasjon og ledelse: Strukturer, sosiale relasjoner, politikk og symboler*. (Overs. av H. Gröhn). Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Christensen, T. m.fl. (2002). *Forvaltning og politikk*. Oslo: Universitetsforlaget
- Cyert, R. M., og March, J. G. (1963). *A behavioral theory of the firm*. New Jersey: Prentice-Hall International.
- Dahl, T. (2004). *Å ville utvikle skolen. Ledelse og satsing på ledelse i skolen*. Trondheim: SINTEF
- Dahl, T. , Klewe, L. og Skov, P. *En skole i bevegelse. Evaluering af satsing på kvalitetsudvikling i den norske grunnskole*. København: Danmarks Pædagogiske Universitets Forlag.
- Dysthe, O. (1999). Mappevurdering som læringsform og sammenhengen med kunnskaps- og læringssyn. I: O. L. Fuglestad, S. Lillejord og J. Tobiassen (red.), *Reformperspektiv på skole- og elevvurdering*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Glovik, Ø. (2001). *Prøveforelesing: Institusjonalisering av læring gjennom evaluering. Møgelegheter og avgrensingar*. Universitetet i Bergen, Det samfunnsvitenskapelige fakultet.
- Harrit, O. (et al.) (1998). *Prosjekt skoleevaluering. Praksis og perspektiver. En midtvejsrapport*. København: Danmark lærerhøjskole.
- Lillejord, S. (2004). *Kultur og læring*. Kronikk I Dagbladet 02.09.04. Oslo: Dagbladet
- Nonaka, I., og Takeuchi, H. (1995). *The knowledge-creating company*. New York: Oxford University Press.
- Ogden, T. og Lindberg, E. (2000). *Elevatferd og læringsmiljø 2000: en oppfølgingsundersøkelse av elevatferd og læringsmiljø i grunnskolen*. Oslo: Læringscenteret.
- Ogden, T. (2001). *Sosial kompetanse og problematferd i skolen: kompetanseutviklende og problemløsende arbeid i skolen*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Ogden, T. (2002). *Klasse- og undervisningsledelse. I Bedre skole småskriftserie; nr. 6*. Oslo: Bedre skole.

- Olaussen, Å. og Wollebæk, H.P. *New Public Management*. Temanotat 2002/6. Oslo: Utdanningsforbundet.
- Roald, K. (2000). *Ungdomsskular som lærande organisasjonar*. R-nr. 6/2000, Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning.
- Scherp, H.Å. (2002). *Læreres miljø: att leda skoan som lærande organisasjon*. Karlstad University studies 2002/44. Karlstad: Universitetet
- Senge, P. M. (1990). *The Fifth Discipline: The art & practice of the learning organization*. New York: Doubleday Currency.
- Senge, P. M. m.fl. (1999). *The Dance of Change: A Fifth Discipline Resource*. New York: Random House, Doubleday.
- Stortingsmelding nr. 30 (2003-04). *Kultur for læring*. Oslo: KUF.
- UFD (2002). *Skolen vet best. Situasjonsbeskrivelse av norsk grunnopplæring*. Oslo: UFD